

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatlø Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/159

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2018	Kommunestyret	PS	14.06.2018

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
021/2018.1	Rapport alternativ organisering av NAV tenester for Gulen og Masfjorden

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 021/2018

### KS - behandling:

May Hundvin frå Nav Nordhordland orienterte:

Innleiing om NAV i det nye Vestland. NAV rettar seg mot einskildpersonar og næringsliv. Flest mogleg tenester ut i regionen, treng regionsressursar med robuste kontor utover bysentra. Nye strukturar når fylker og kommunar slår seg saman. Utfordrande å rigge gode tenester ute i små kontor. Ute i kommunane er det viktig å fremme næringsliv og rekruttering slik at velferd kan oppretthaldast, ikkje einseitig fokus på arbeidsløyse.

Små kontor gjev stort arbeidsspenn for den eine / dei få som jobbar der. Liten kommune krev like mykje kompetanse for å serve innbyggjarar, men det vert lite mengdetrening/trening. Store ulikskapar knytt til dei sosiale tenestene frå NAV-kontora. Randkommunane ser behov for endringar i forhold til å levere gode tenester til innbyggjarane.

Gav eit bilde av kommunale prosessar som no går føre seg / skal i gang m.o.t.

samanslåingar/samarbeid. Masfjorden og Gulen (Masfjorden vertskommune) har gjort prosjektarbeid for samanslåing. Hundvin hadde møte med Modalen kommune (adm) for å undersøke om Modalen kunne vere interessert å høyre meir. Dette vart positivt mottatt.

Det vart orientert om kva oppgåver eit NAV-kontor løyser (stat og kommune). Korleis innbyggjarane i Modalen får hjelp idag. Mykje meir digitalisering av tenestene, samt avtalar med NAV-tilsette. I tillegg post og kundesenter. Kort om samarbeid mellom Modalen kommune og NAV pr. no.

Sigmund Vikane: Spm om kva som vert utsiktene til lokalt kontor i Modalen etter ei evt. endring/samarbeid med Masfjorden og Gulen. Hundvin: Styrke kontorfellesskap, ser føre seg å oppretthalde kontordag i Modalen. Innbyggjarane skal få rett hjelp og rett kompetanse i dei krevjande sakene. Det løyser ein best i samarbeid.

Sigmund Vikane: Ofte oppleving av eit lukke NAV-system med avmaktsoppleving i møte med dette. Korleis vert dette? Hundvin: NAV skal ivareta for å kunne imøtekomme så godt som råd.

Sigmund Vikane: Kva betyr denne rapporten for Modalen? Rådmannen viser til at dette er ei orientering om kva som har gått føre seg i dei aktuelle kommunane, men det er opp til Modalen å lage ei sak for kommunestyret om kva me her evt. ynskjer å gjere. Rådmannen varslar at sak kjem til hausten.

Orientering frå iModalen v/ Liv-Anne Aanesen og Roger Fure. Litt om logo, profil: jordnær og magisk! Klistremerker med logo skal kunne klistrast på lokale produkt som er for sal. Felles produkt ut frå Modalen. iModalen AS har tilsett ein person (Merethe Iversen) som dagleg leiar for å vidareføre reiselivssatsinga for Modalen.

Teknisk sjef: orientering om straum til båthamna. Til råde er det kr. 553 000,-. Nytt sikringsskap utanfor Bryggjeslottet. Vidare er det planlagt marinestolpar mot båthamna. Dette er no under prosess med å inngå avtalar, reknar med at dette kan komme på plass i løpet av hausten. Flytebyggja: her er det ikkje løyvd midlar for 2018. Det er ein svakeheit som ein treng å utbetre, særleg i forhold til dagar med mykje båtar. Her vil ein ta dette med i budsjettprosessen til hausten. Her undersøker ein kva som evt. vert samla sum for dette tiltaket.

Vedtaket var samrøystes

### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

### **Vedlegg:**

Rapport alternativ organisering av NAV tenester for Gulen og Masfjorden